



## Sesongen 2011

Det vil i år bli brukt 300g korgar heile sesongen for bær som skal leverast til Bama. Det kan bli aktuelt med noko 170g. i skuldersesong og til eksport.

Dei som vil levere konsumbær gjennom Sognabær, må gi oss melding innan 1.mai med om lag antall kg forventa avling som skal leverast til konsum.

I løpet av våren planlegg Sognabær å gjennomføre [Global Gap](#) kurs for dei produsentane som ynskjer å levere gjennom Sognabær. Me tek sikte på at alle skal være sertifiserte Global Gap produsentar innan sesongen i år.

Åpningstider på fruktlageret for levering av konsum bær vil bli;

Alle dagar (ikkje Fredag) kl. 10:00, 12:00, 14:00, 16:00 og 19:00  
Fredag kl. 16:00 og 19:00

Korgar og Ifco kassar må takast ut i god tid før fyrste leveranse.

Vi vil også i år føre lager av dei mest brukte plantevernmidla og gjødsel, i tillegg til eit assortert utval korgar og andre driftsmiddel. Sjå [Hagebutikken](#) for meir informasjon og bestilling.

Innan første levering av bær skal du levere inn kopi av sprøytejournal til Sognabær.

Ved kjøp av plantevernmidlar skal sprøytesertifikat fremleggast. Om ynskjeleg tek vi ein kopi av dette, så treng du ikkje vise det att før sertifikatet skal være fornya.

Dersom du har behov for driftsmidlar som du ikkje finn i [Hagebutikken](#), send gjerne ein [e-post](#) med opplysningar om kva du treng, så skal vi gjere det vi kan for å framskaffe det.

Vi ynskjer våre produsentar ein god sesong!